

Det kongelige kommunal-moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep

0032 OSLO

Dykkar ref:

Vår ref:
2014/589-6249/2014

Sakshandsamar:
Torgeir Steien

Arkivkode:
L40

Dato:
23.10.2014

Høyring - Endring i plan og bygningslova - uttale frå Fitjar kommune

Fitjar kommune har følgjande uttale til høyringa:

Til endringane i plandelen har administrasjonen merknader til:
§ 12-7 første ledd nr. 8.

Til endringane i byggjesaksdelen har administrasjonen merknader til:
§ 29-7c.

Vurdering:

§ 12-7 første ledd nr. 8

Til endringane i plan delen har administrasjonen merknader til § 12-7 første ledd nr. 8.
Det er ikkje i alle kommunar økonomisk grunnlag for tilrettelegging for forsyning av vassboren varme og krav om plikt til tilknytning. Her bør teksten endrast til at det må vera økonomisk forsvarleg med vassboren varme, før ein sett krav om tilrettelegging og plikt til tilknytning.

Elles har administrasjonen ikkje andre merknader til framlegg til endringar i plandelen.

Nokre av endringsframlegga vil truleg føra til meirarbeid for kommunane i form av vesentleg auke i behovet for kontroll i form av hyppige synfaringar rundt om i heile kommunen.

Mange av endringane inneber at ein ikkje treng søke for fleire typar tiltak, under føresetnad av at dei er i samsvar med ei rekkje reglar og føringar, samt at dei ikkje vert plassert over offentlege leidningar (vatn, avlaup, el- og telekablur mm.) Her trur administrasjonen at det kan bli nokre utfordringar, som at «tiltakshavarar» ikkje får med seg alle atterhalda som gjeld for dei tiltaka som vert unnateke frå søknadsplikt. Dette mellom anna med bakgrunn i dei erfaringar ein har med kva som blir feiltolka av tiltakshavar etter dagens regelverk og dei grensar som gjeld for kva som er unnateke søknadsplikt. Endringane vil nok difor truleg føra til endå meir misstolkingar av kva ein slepp å søkja om.

Reduksjon i søknadspliktige tiltak vil medføre mindre inntekt til avdelingar som skal driva til sjølvkost.

Det vil føra til at ein må auka gebyra for dei søknadspliktige tiltaka, desse gebyra er allereie høge nok.

§ 29-7c Overtredelsesgebyr.

I framlegg til endring står det at overtredelsesgebyret skal tilfalle STATEN

Her må ein behalda dagens ordning med at overtredelsesgebyret tilfaller kommunen. Det er kommunane som får arbeidet med sakene og dei kan ofte vera komplisert slik at det vert nytta mykje tid i enkelte saker. (kostnad for kommunen)

Med helsing
Fitjar kommune

Torgeir Steien
Konst.leiar plan og utv.